

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 03.12.2020  
**SAKSHANDSAMAR:** Øystein Helleseeth  
**SAKA GJELD:** **Budsjett 2021 - Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2020/8905

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
18.12.2020

**STYRESAK:**  
078/2020

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Førde HF vedtek budsjett for Helse Førde HF for 2021 i samsvar med framlegg frå administrerande direktør.
2. Styret gjev administrerande direktør fullmakt til å gjere naudsynte justeringar/endringar innanfor ramma av vedteke budsjett.
3. Styret ber administrerande direktør følgje opp den økonomiske styringa i høve til budsjett og rapportere til styret løpande gjennom 2021.

## 1. Innleing

Budsjettet for 2021 skal leggje det finansielle grunnlaget for at Helse Førde kan yte befolkninga eit godt tilbod for utgreiing og behandling i spesialisthelsetenestene, samt løyse oppgåver innan utdanning av helsepersonell, forskning og opplæring av pasientar og pårørande. Trass i påverknaden frå pandemien og krav til innsparing er aktiviteten i budsjettet i stor grad ei vidareføring av budsjettet frå 2020. Nasjonal helse- og sjukehusplan, Helse Vest sin strategi Helse 2035 og utviklingsplanen for Helse Førde er retningsgjevande for arbeidet i 2021.

Større endringar i drifta som påverkar budsjettet for 2021 er opning av Dagabygget og gjennomføring av prehospital plan, samt at ein i 2021 vil innføre fleire nye IKT system. Administrerande direktør meiner at omstilling er nødvendig. Den teknologiske og medisinske utviklinga gjer at føretaket må endre seg. I tillegg må vi sikre standarden på behandlinga ved å investere i utstyr og bygg. Det er administrerande direktør si vurdering at budsjettframlegget er det beste alternativet for å sikre innbyggjarane i Sogn og Fjordane eit godt og framtidsretta spesialisthelsetenestetilbod.

Finansieringa av Helse Førde kjem i hovudsak frå basisramme og innsattsstyrt finansiering (ISF). Basisramma er sett saman av tre komponentar. Ein del vert rekna ved hjelp av inntektsfordelingsmodellen i Helse Vest, ein del på bakgrunn av Helse Førde sin skår på utvalde kvalitetsindikatorar og ein tredje vert delt ut for å kompensere for mellom anna pensjonskostnader og kostnadsulemper. Basisfinansieringa utgjer klart den største delen av finansieringa til Helse Førde.

Det er ein trend at fleire medikament vert inkludert i innsattsstyrt finansiering, samt at bruken av tjenesteforløp (TFG) aukar. Dette er ei ordning kor spesialisthelsetenesta får ein sum for å dekke både behandling og medikament for pasienten for heile året. I tillegg har ein i løpet av 2020 endra reglane både i forhold til video og telefonkonsultasjon, samt at fleire yrkesgrupper er godkjent for å kunne gjennomføre behandling som gjev ISF finansiering.

Helse Førde har rammebudsjettering. Rammene for 2020 budsjettet er vidareført i 2021 med justeringar for godkjente realendringar og endringar knytt til pandemien. I førebelse rammer som klinikkane har arbeidd med var det eit innsparingskrav på 35,2 millionar. Av dette var 11,6 millionar knytt til budsjetteknisk slik at innsparingskravet for klinikkane var 23,6 millionar.

I slutten av november fekk Helse Førde endeleg ramme frå Helse Vest. Ramma var då styrka med omlag 24 millionar i forhold til førebels ramme, som mellom anna er knytt til innføring av ny inntektsmodell for dei regionale helseføretaka. I tillegg har Helse Førde fått 39,7 millionar i øymerka midlar for å handtere konsekvensane av pandemien i 2021. Auka ramme på 24 millionar er fordelt ut til klinikkane for styrke spesifikke område.

Auken er dermed fordelt som øymerka midlar, noko som medfører at klinikkane må gjennomføre tiltak for å halde budsjettet i 2021. Dette er viktig for å sikre arbeidet med å tilpasse kostnadsbasen i forhold til endringar i spesialisthelsetenesta og sikre økonomisk ramme til å investere i nytt sjukehusbygg og medisinsk-teknisk utstyr på lang sikt.

Klinikkane arbeider kontinuerleg med å utvikle drifta og finne innsparingstiltak for å tilpasse drifta til nye økonomiske rammene. Budsjettet for 2021 er såleis forankra i heile føretaket. Administrerande direktør har gitt beskjed om at det med alle tiltak skal følgje eit oversyn som viser kva som må gjerast for at tiltaket vert gjennomført, og når tiltaket skal setjast i verk. For å halde oversikten over dette skal alle tiltak dokumenterast i eigne tiltakskort. Tiltak og utfordringar er omtala i vedlagte budsjett frå kvar klinikk.

Per november i år er resultatet 121,5 millionar, som er 89,3 millionar betre enn budsjett. Prognosen for 2020 er eit resultat som er om lag 70 millionar betre enn resultat. Grunnen til lågare resultatet enn per november er estimat på årsoppgjersposterar. Resultatet per november er sterkt påverka av ekstra løyvingar knytt til pandemien og effekten av lågare lønnsoppgjer enn budsjettert. Justert for desse forholda er drifta omtrent i balanse, men administrerande direktør ser at innanfor enkelte område og då spesielt medikament har kostnadane auka. Dette er noko som ein ventar vil fortsette og er tatt omsyn til i budsjettet for 2021.

## **2. Budsjettprosess i føretaket**

Helse Førde rammefinansierer klinikkane. Klinikkane må løyse pålagde oppgåver innanfor ramma dei får tildelt og dei må sjølv finne inndekning for kostnadsvekst på enkeltområde. Dette gjev klinikkane fridom til sjølv å gjere omprioriteringar innanfor eiga drift.

I arbeidet med budsjettet er det lagt ein føresetnad om at klinikkane skal budsjettere basert på endringar i drifta, og at ein dermed ikkje skal ta høgde for prisjusteringar. I tillegg er det lagt ein føresetnad om at ikkje skal ta høgde for covid-19 pandemien. Dette for å skilje normal drift frå den ekstraordinære situasjonen.

Førebels ramme frå Helse Vest fekk ein i juni 2020. Klinikkane hadde frist i august til å melde inn realendringar, som er endringar som klinikkane i liten grad kan påverke sjølv, og andre vesentlege behov. Det vart meldt inn 81 millionar i realendringar og 35 millionar på andre forhold. Lista på realendringar inneheldt forhold som ikkje er definert som realendring. Administrerande direktør godkjente 11,6 millionar som realendringar. I september vart rammene for klinikkane delt ut. Sett bort frå budsjetteknisk fekk klinikkane eit innsparingskrav på 23,6 millionar.

På slutten av budsjettprosessen fekk Helse Førde endeleg ramme frå Helse Vest. Dette medførte at ein kunne auke rammene til klinikkane med 24 millionar. I fordelinga av desse midlane har administrerande direktør lagt til grunn at dette skal fordelast som øyremerka midlar og dermed ikkje fordelt til klinikkane etter del av kostnadsbasen. Vidare har ein hatt fokus på område kor ein ser at behovet aukar, samtidig som administrerande direktør ikkje ynskjer å auke dei faste driftskostnadane. Bakgrunnen for dette er at Helse Førde på lang sikt vil ha stramme budsjett for å realisere Nye Førde Sjukehus og andre nødvendige investeringar.

I sjølv budsjettprosessen har klinikkane involvert tillitsvalde og verneombod. Vidare har det på klinikknivå og Helse Førde nivå blitt gjennomført både informasjonsmøte og drøftingsmøte.

### 3. Økonomisk resultatkrav

Helse Førde sitt resultatkrav frå eigar kom i Helse Vest-sak 136/20 «Inntektsfordeling og resultatkrav 2021», som vart handsama 9. desember 2020. Krava til føretaka i Helse Vest:

Endeleg Inntektsfordeling	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehus- apoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Resultatkrav 2021	175 000	14 000	150 000	34 000	7 000	1 000	150 000	531 000

Resultatkravet til Helse Førde var 26 millionar for 2020, men vart endra til 36 millionar i løpet av året for dekke forventna investeringar som følgje av pandemien. Tabellen under viser kva historisk og budsjettert bereevne som føretaket har til å investere i bygg og medisinsk teknisk utstyr.

Resultat / bæreevne	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Prognose 2020	Budsjett 2021	Budsjett- endring B21 - B20
Årsresultat	58 484	43 169	36 000	105 000	34 000	-2 000
Avskrivning og nedskrivning	73 692	90 394	78 000	93 000	82 500	4 500
<b>Bæreevne frå drift</b>	<b>132 176</b>	<b>133 563</b>	<b>114 000</b>	<b>198 000</b>	<b>116 500</b>	<b>2 500</b>

I langtidsbudsjettet har ein tatt høgde for å auka bæreevne over fleire år slik at ein unngår store kutt i drifta på enkeltår. Samtidig så har ein gjennom fleire år gjennomført innsparing, og det er signal frå klinikkane at det er vanskeleg å gjennomføre ytterlegare innsparing. Dette medfører at gevinstrealisering knytt til investering i nye lokale, utstyr og prosjekt er eit fokusområde framover.

### 4. Føresetnadene for budsjett 2021

#### 4.1. Inntekter / ramme

Helse Førde sine samla inntekter er på 3,1 milliardar kroner. Av dette får føretaket 2,8 milliardar frå Helse Vest. Øvrige inntekter på 0,3 milliardar kroner er inntekter frå andre. Viktigaste inntekter er eigendelar for behandling, ISF-inntekter innanfor psykisk helsevern, gjestepasientinntekter, prosjektinntekter samt nokre mindre postar.

INNTEKTSFORDELING 2021	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Haralds- plass	Helse Vest RHF	SUM
SUM, ISF	2 248 304	1 043 954	3 524 660	707 850	388 175	-	7 912 943
SUM, basisramme fordelt etter modell	4 383 307	2 291 734	6 628 530	1 866 019			15 169 591
Kvalitetsbasert finansiering	27 004	12 131	41 789	10 971			91 895
SUM, basisramme fordelt utanfor modell *)	403 500	230 187	1 021 611	209 303	500 791	3 652 519	6 017 911
Øyremerkte midlar i bestillinga frå HOD (skal rapporterast på):	110 881	51 018	197 537	39 717	11 952		411 106
SUM, inntekt 2021 fordelt frå RHF	7 172 996	3 629 026	11 414 127	2 833 861	900 917	3 652 519	29 603 446

## **4.2 Sentrale føresetnader**

Utgangspunktet for rammene til Helse Førde er basert på føresetnader i statsbudsjettet og tildelte rammer frå Helse Vest. Sentrale føresetnader er:

### **4.2.1 Ny nasjonal inntektsmodell jfr Magnussen II utvalet**

Ny nasjonal inntektsmodell jfr. Magnussen II-utvalet vil bli innført i løpet av åra 2021 og 2022. For å sikre at ingen regionar taper på innføringa er det lagt inn 175 millionar i ekstra basisramme. For Helse Vest medfører dette ei auke på 157 millionar i 2020.

For Helse Førde er auken 12,5 millionar. Dette er ligg i basisramme utanfor modell, og fordelinga er basert på inntektsmodellen til Helse Vest.

### **4.2.2 Pris- og lønnsjusteringar**

Forventa pris- og lønnsvekst frå 2020 til 2021 er 2,6 prosent. Dette er lagt til grunn i Helse Førde sitt budsjett.

### **4.2.3 Aktivitetsvekst**

Aktivitetsveksten i pasientbehandling er 2,3 prosent samanlikna med saldert budsjett for 2020. Av denne veksten er 0,8 prosent ein ekstraordinær eittårig aktivitetsvekst i 2021 for å redusere ventetidene som følgje av pandemien. Det er lagt til rette for ein vekst på 3,2 prosent i poliklinisk aktivitet som omfattar laboratorie- og radiologiske tenester. For pasientbehandling som er omfatta av ISF-ordninga er det lagt til rette for ein vekst på om lag 2,2 prosent frå saldert budsjett.

Prisen for eit DRG poeng er satt til 46.719 innan somatikk og 3.223 innan psykisk helsevern og TSB. I 2020 var prisane 45.808 og 3160, noko som tilsvarar ein auka på 2 prosent.

### **4.2.4 Kvalitetsbasert finansiering**

Kvalitetsbasert finansiering inneber at ein del av finansieringa er avhengig av at føretaka oppnår fatsette mål på kvalitetsindikatorar frå det nasjonale kvalitetsindikatorsystemet. Effekten av ordninga gjev Helse Vest om lag 17,8 millionar lågare tildeling enn ordinær tildeling etter nasjonal inntektsmodell. Endringa i tildelinga er likevel ein auke på 2,5 millionar samanlikna med 2020.

#### **4.2.4 Øyremerka midlar**

Øyremerka midlar er knytt covid-19 i 2021. Løyvinga er knytt opp til handtering av pandemien. Smittevern- og beredskapstiltak kan gi lågare aktivitet utan at ein kan redusere kostnadene tilsvarende, samstundes som det generelt er høgare kostnader ved å drive sjukehus under ein pandemi. Det vil og vere nødvendig med aktivitet utover normalnivå for å ta igjen utsett pasientbehandling, som igjen vi gi auka kostnader. I tillegg er det tilskot knytt til smittevernlager. For Helse Vest utgjer dette høvesvis 398,4 millionar og 212,5 millionar.

Løyvinga til smittevernlager blir førebels halden tilbake i Helse Vest i samband med etablert regionalt lager og ei regional forsyningsløyving for smittevernutstyr. Når det gjeld løyvinga til beredskapstiltak på 398,4 millionar vert noko haldne tilbake for regionale tiltak. Resterande på 334,4 millionar vert fordelt til føretaka i Helse Vest, samt private ideelle og andre private aktørar. Fordelinga til eigne føretak i Helse Vest er basert på den totale inntektsramma og for Helse Førde utgjer det 35,4 millionar.

I tillegg er det i statsbudsjettet satt av midlar til å gjennomføre forbetringstiltak for å redusere ventetider og forbetre utnyttinga av kapasiteten ved poliklinikkane. Midlane skal nyttast til konkrete tiltak og prosjekt innanfor dei mål og rammer som er sett av departementet. For Helse Vest utgjer det 38 millionar. Dette er fordelt etter total inntektsramme og for Helse Førde utgjer dette 4,3 millionar.

#### **4.2.5 Avbyråkratisering og effektiviseringsreforma**

ABE-reforma som vart innført i 2015 er vidareført i 2021. For Helse Vest inneber dette eit trekk i basisramma på 0,5 prosent, som tilsvarer 144,6 millionar. Samtidig får ein tilført midlar i basisramma for å gi rom for mellom anna investeringar. Dette utgjer 108,6 millionar for Helse Vest.

#### **4.2.6 Overføring av finansieringsansvaret for legemiddel frå folketrygda.**

Frå 1 september 2020 vart finansieringsansvaret for enkelte behandlingar overført til helseføretaka. For Helse Vest utgjer dette 43,7 millionar. Det er foreslått at helseføretaka får overført finansieringsansvaret frå folketrygda for fleire legemiddelgrupper frå 1.februar 2021. Dette gjeld nokre legemiddel til behandling av MS, narkolepsi, immunsvikt og sjeldne sjukdommar. Endring i bruk av desse legemidla, vil påverke faktisk kostnad i sjukehuset. For Helse Vest gjeld dette ein auke i basisramma med om lag kr. 11,3 mill. Auken i basisramma blir fordelt til føretaka i den samla inntektsramma og fordelt gjennom inntektsfordelingsmodellen. Risikoen knytt til eventuelt meirforbruk er det føretaket som må dekke.

## 5. Rammefordeling til klinikkane

Heile budsjettprosessen vert gjennomført i 2020 kroneverdi slik at ein har fokus på driftsmessige endringar og ikkje på prisendringar. Prisjustering skjer til slutt i budsjettprosessen kor ein brukar deflator for å justere til 2021-kroner. Konkrete endringar som kjem i statsbudsjettet vert lagt til budsjettpostane i ettertid.

Utgangspunktet for klinikkane var at rammene frå 2020 er vidareført, men med justering for:

1. Endring i førebels rammer frå Helse Vest, resultatkrav, avskrivning og finans, samt tiltak frå økonomisk langtidplan.
2. Realendringar som er godkjent av administrerande direktør i budsjettprosessen.

Til saman utgjer dette det generelle innspæringskravet for klinikkane, som er brukt i budsjettprosessen. Ser ein bort frå budsjetteknisk var innspæringskravet før justering 23,6 millionar for klinikkane.

Når føretaket fekk endeleg rammer frå Helse Vest har ein justert for dette i budsjettprosessen. Tabellen under viser sum endringar i rammene for kvar klinikk gjennom dei ulike stega.

Justering av ramme	Budsjett 2020	ØLP og rammer	Real-endringar	Generell innspæring	Justering i budsjettprosessen
Kirurgisk klinikk	-441 236		1800	-6 252	3 000
Medisinsk klinikk	-450 027		5950	-8 306	10 700
Psykisk helsevern	-18 785	-2 095	0	-4 745	3 000
Stab og støtte	-249 931	10 828	3000	-1 792	1 600
Drift og Eigedom	-218 183	500	855	-2 532	1 700
Budsjetteknisk	1 414 162	14 394		-11 605	43 717
<b>Sum</b>	<b>36 000</b>	<b>23 627</b>	<b>11 605</b>	<b>-35 232</b>	<b>63 717</b>

Tabellen er i 2020 kroner

### 5.1 Økonomisk langtidsplan og rammer

Psykisk helsevern er forventet gevinst ved innflytting i Dagabygget på 2,5 millionar. Resten er knytt til øyremerka midlar tildelt i 2020, som er vidareført i 2021.

Stab og støtte er i hovudsak knytt til IKT kostnader frå HV IKT, som var estimert til 9,8 millionar. Resten, som er ein million, er ein del av langsiktig satsing på forskning og innovasjon.

Drift og Eigedom har fått auka budsjettet med 0,5 millionar som følge av auka forvaltnings- og driftskostnader på Dagabygget.

Budsjetteknisk er summen av endringar knytt til førebels rammer frå Helse Vest, endring resultatkrav og estimat på ABE-reformen, samt endring i avskrivning og finans.

## 5.2 Realendringar

Tabellen under viser realendringa som administrerande direktør har godkjent for kvar klinikk i samband med budsjettprosessen. Kvar klinikk har meldt inn både realendringar og større endringar i drifta som medfører behov for endra rammer. Samla var innmeldt behov større enn kva som er godkjent, noko som heng saman med total ramme og dermed har administrerande direktør måtta gjere prioriteringar.

Realendringar	MED	KIR	PHV	D&E	STAB
Nasjonalt screeningsprogram for tarmkreft (Patologi)	300				
Auke i kostbare medikament og spesielt innanfor kreft	5 400				
Nasjonalt screeningsprogram for tarmkreft (Medisinsk avdeling)	250				
Endring i kostnad til nødnett		1 000			
Endring i leigekostnader (AAM, amb)		100			
Innføring av trombolysbehandling (AAM, amb)		200			
Endring i kostnad for overgrepsmottak		500			
Tryggleikspost			-		
Driftskostnader Dagabygget				300	
Endring i leigeinntekter (Pasientreiser HF, Mix-kiosken avslutta, Stiftelsen norsk luftambulans).				555	
Bemanningscenteret - vedtatt å legge flere oppgaver inn i Bemanningscenteret (innleige fra eksterne vikarbyrå, utarbeiding av nullkontrakter)					200
Kompetanse og utdanning: RegSim - auka ressurs i samband med utvikle og bruke simulering som metode.					300
LIBRA: Auka ressursar i samband med innføring av Behov til leveranse					2 000
ODA: auke med ei 100% stilling i samband med innføring og opplæring					500
<b>Sum</b>	<b>5 950</b>	<b>1 800</b>	<b>-</b>	<b>855</b>	<b>3 000</b>

Psykisk Helsevern har ikkje fått godkjent nokon realendringar i 2021. Dette er noko nyansert da klinikken i 2020 fekk ein realendring på 2,5 millionar for å starte arbeidet med å rekruttere og bygge kompetanse knytt til den nye tryggleiksposten. Dette var i utgangspunktet ei løyving for eitt år, men administrerande direktør har vidareført løyvinga for å sikre tilstrekkeleg midlar til drifta. Resten er finansiert ved reduserte gjestepasientkostnader innan psykisk helsevern, då føretaket tidlegare har kjøpt denne tenesta.

## 5.3 Justering i budsjettprosessen

Endeleg rammer frå Helse Vest var høgare enn dei førebelse rammene. Auken var på omlag 63,7 millionar i 2020 kroneverdi. Av dette var 39,7 millionar øymerka til handtering av pandemien og auka ventelister. I fordelinga av resten av midlane har administrerande direktør lagt til grunn at dette skal fordelast som øymerka midlar. Fokuset har da vore på område kor ein ser at behovet aukar, samtidig som administrerande direktør ikkje ynskjer å auke dei faste driftskostnadane

### Fordelinga av auka ramma:

- Drift og Eigedom 1,7 millionar. Dette er til driftskostnader knytt til MR maskin i Lærdal og auka driftskostnader på Dagabygget.



- Kirurgisk klinikk 3 millionar. Dette gjeld kasertering av ambulanspersonell som er innført på fleire stasjonar og påverka kostnadane allereie i 2020 rekneskapen. Estimert effekt er høgare, men dette er ein del av prehospital plan.
- Medisinsk klinikk 10,7 millionar. Dette er knytt til auka medikamentkostnader innanfor H-resept, kreft og medisinsk heimebehandling.
- Psykisk Helsevern 3 millionar. Dette gjeld ambulante tenester, som er eit satsingsområde, og behov knytt til tvang i ungdomsavdelinga for psykisk helsevern. Årlege kostnader vil vere høgare, men dette vil ein følgje opp etterkvart som ein får utvikla teneste og ser behovet.
- Stab 3,9 millionar. Det er satt av 2 millionar til konkrete forskingsprosjekt som ein kan søkje om. Resterande beløp på 1,9 millionar er knytt til dekking av inngått avtaler om frikjøp av tillitsvalde, 50 prosent stilling for oppfølging og handtering av ekstern vikarbyrå og auke på 30 prosent stilling i bedriftshelsetenesta for styrke dette tilbudet.
- Budsjetteknisk 43,7 millionar. 39,7 millionar er øymerka midlar for å handtere pandemien i 2021, inkludert venteliste. Resten er knytt til endring i avskrivning og finanskostnader.

## 6.0 Budsjett Helse Førde 2021

Det er budsjettet med eit rekneskapsresultat på 34 millionar kroner. Dette er likt med det forventta resultatkravet frå eigar. Det budsjetterte resultatet er og i samsvar med kravet for å kunne gjennomføre planlagde investeringar.

Helse Førde	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021 (2020 - kr.)	Budsjett 2021	Budsjett- endring B21 - B20	Prisendring B21-B20	Endring %
Basisramme	1 979 543	2 027 340	2 033 424	2 086 293	6 084	52 869	2,8 %
ISF egne pasientar	646 977	681 977	683 301	696 899	1 324	13 598	2,1 %
ISF-inntekt H-resept	37 708	41 239	42 716	43 566	1 477	850	5,3 %
Gjestepasientinntekter	31 513	23 966	26 912	27 447	2 946	536	12,7 %
Polikliniske inntekter	38 987	42 374	44 653	45 226	2 279	573	6,3 %
Utskrivingsklare pasientar	1 461	2 574	1 574	1 615	-1 000	41	-59,4 %
Øymerka tilskot	37 588	50 297	58 302	59 818	8 006	1 516	15,9 %
Andre driftsinntekter	167 806	155 175	160 723	164 854	5 548	4 132	5,9 %
<b>Driftsinntekter</b>	<b>2 941 584</b>	<b>3 024 940</b>	<b>3 051 604</b>	<b>3 125 718</b>	<b>26 664</b>	<b>74 114</b>	<b>3,2 %</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	-137 657	-162 068	-136 170	-139 675	25 899	-3 506	-16,0 %
Kjøp av private helsetenester	-13 712	-17 490	-23 932	-24 793	-6 441	-862	29,5 %
Varekost	-293 431	-290 083	-309 499	-320 641	-19 416	-11 142	9,5 %
Innleid arbeidskraft	-30 214	-16 829	-17 378	-18 004	-549	-626	6,5 %
Lønn til fast tilsette	-1 384 525	-1 463 698	-1 489 597	-1 497 045	-25 899	-7 448	2,2 %
Overtid og ekstrahjelp	-114 163	-92 790	-121 224	-121 830	-28 434	-606	23,8 %
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	-262 348	-176 255	-241 855	-241 855	-65 600	-	27,1 %
Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	68 268	63 526	66 345	66 677	2 819	332	4,7 %
Anna lønn	-212 114	-218 775	-224 641	-226 080	-5 866	-1 439	3,2 %
Avskrivningar	-75 139	-78 000	-82 500	-82 500	-4 500	-	5,5 %
Nedskrivningar	-15 255	-	-	-	-	-	-
Andre driftskostnader	-430 402	-534 878	-467 154	-483 972	67 724	-16 818	-10,5 %
<b>Driftskostnader</b>	<b>-2 900 694</b>	<b>-2 987 340</b>	<b>-3 047 605</b>	<b>-3 089 718</b>	<b>-60 264</b>	<b>-42 114</b>	<b>3,3 %</b>
Finansinntekter	5 856	2 400	2 000	2 000	-400	-	-
Finanskostnader	-3 429	-4 000	-4 000	-4 000	-	-	-
<b>Netto finanskostnader</b>	<b>2 427</b>	<b>-1 600</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-400</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Sum</b>	<b>43 318</b>	<b>36 000</b>	<b>2 000</b>	<b>34 000</b>	<b>-34 000</b>	<b>32 000</b>	<b>-</b>

## 6.1 Aktivitet

### 6.1.1 Psykisk helsevern

Det er lagt opp til høgare aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2021 samanlikna med prognosen for 2020, men ein nedgang i forhold til budsjett 2020. Innanfor poliklinisk aktivitet er det planlagt ein liten auke.

Innanfor TSB er det budsjettert med noko lågare aktivitet på døgnopphald enn 2020, men ein auke i forhold til prognosen for året. Det same gjeld innanfor poliklinisk aktivitet.

Døgntilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2020. For tal polikliniske konsultasjonar er budsjettet noko lågare enn 2020 men høgare enn prognosen.

Aktivitet	Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Budsjett 2020	Prognose 2020	Budsjett 2021	Endring P20 til B21
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>						
DRG poeng	3 526	3 666	3 861	3 600	3 937	337
Tal heildøgnsopphald	17 604	19 012	18 700	17 000	18 000	1 000
Tal utskrivne pasientar	1 027	1 086	1 055	1 048	1 030	-18
Poliklinisk dagbehandling	357	254	100	175	100	-75
Polikliniske konsultasjonar	25 455	25 326	26 000	24 000	26 500	2 500
<b>TSB</b>						
DRG poeng	428	385	443	390	434	44
Tal heildøgnsopphald	7 441	6 941	7 470	5 810	7 070	1 260
Tal utskrivne pasientar	244	236	240	201	240	39
Polikliniske konsultasjonar	3 209	2 783	3 150	2 800	2 975	175
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>						
DRG poeng	5 360	5 534	5 949	5 400	5 952	552
Tal heildøgnsopphald UPH	1 145	1 369	1 200	1 250	1 250	0
Tal utskrivne pasientar UPH	87	67	80	80	80	0
BUP polikliniske konsultasjonar	16 384	16 979	18 300	16 900	17 500	600

### 6.1.2 Somatikken

Det er ikkje store endringar mellom budsjett 2020 og 2021 i forhold til aktivitet.

Aktivitet		Oppnådd 2018	Oppnådd 2019	Plan 2020	Prognose 2020	Plan 2021	Endring Plan 21 - 20
DRG-poeng døgn/dag/poliklinikk	A	25 612	25 581	26 533	23 808	26 568	35
DRG-poeng H-resepter	A	1 735	1 711	1 801	1 838	1 865	64
DRG-poeng andre regionar (gjestepasientar)	B	456	549	486	589	572	86
SUM DRG poeng produsert i Helse Førde	A+B	27 803	27 841	28 820	26 235	29 005	185
DRG-poeng pasientar behandla i andre regionar, Feiring	C	1 857	1 809	1 840	1 515	1 840	-
Sum DRG-poeng, ISF inntekt	A+C	29 204	29 101	30 174	27 161	30 273	99
Tal dagbehandling		13 717	14 113	14 342	13 867	15 010	668
Tal sjukehusopphald / heildøgnsopphald		18 560	17 966	18 932	16 972	18 932	-
Tal polikliniske konsultasjonar (ISF)		121 729	127 213	129 860	117 803	129 307	-553

Helse Førde mottar ei bestilling frå Helse Vest med basis i endring av somatikk nøkkelen i inntektsfordelingsmodellen. Ein vesentleg faktor i modellen er folketal og forventa vekst i folketal. Basert på modellen er forventa vekst i Helse Førde på 1,6 prosent.

Beregning av fordelt vekst DRG poeng	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	Haralds- plass	SUM
Vekst fordelt etter endring i nøkkel	2,67 %	1,77 %	2,19 %	1,60 %	2,19 %	2,20 %

Gjort om til DRG poeng er fordelinga mellom føretaka vist i tabellen under.

Utrekning av overslagsløyving for 2021	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	HDS	Avtaler	SUM
Bestilling 2020	89 753	42 232	147 980	28 547	16 245	3 394	328 151
Aktivitetsvekst (SVG 2,67%, FON 1,77%, BGO 2,19% og FRD 1,60%)	2 398	749	3 243	458	356	75	7 278
<b>Overslagsløyving for 2021 - DRG-produksjon, eige HF, inkl. somatisk poliklinikk</b>	<b>92 150</b>	<b>42 981</b>	<b>151 223</b>	<b>29 005</b>	<b>16 601</b>	<b>3 469</b>	<b>335 429</b>
Fråtrekk, DRG-poeng for pasientar som høyrer til ein annan region	-1 456	-202	-4 048	-572	0	0	-6 278
DRG-poeng for eigne pasientar som er behandla i andre regionar eller DRG-poeng, eigne pasientar hos Feiring	5 459	1 868	3 564	1 840	0	2 300	15 031
<b>Estimat over DRG-poeng for pasientar høyrer til i Helseregion</b>	<b>96 153</b>	<b>44 647</b>	<b>150 739</b>	<b>30 273</b>	<b>16 601</b>	<b>5 769</b>	<b>344 182</b>
Overslagsløyving DRG poeng frå HOD							344 342

Basert på dette skulle Helse Førde hatt ein vekst på 458 DRG poeng i staden for 185 poeng. Bakgrunnen for forskjellen er at i 2020 forventta Helse Førde noko større aktivitet enn overslagsløyvinga. Veksten i Helse Førde er knytt til medisinsk klinikk og da innanfor kreftbehandling, H-resept og gjestepasientkostnader.

## 6.2 Utvikling av bemanning

Klinikkane har i sitt budsjettarbeid og drøftingar hatt fokus på framtidig bemanning. I 2020 vart det budsjettert med eit høgare tal netto stillingar enn det var gjort i budsjettet for 2019. Bakgrunnen for dette var at budsjettet for 2019 var noko stramt, at ein forventta høgare aktivitet i 2020 og redusert bruk av innleige, samt nokre av dei planlagde tiltaka for 2018 ikkje var mogeleg å realisere.

Frå 2020 til 2021 er det ikkje budsjettert med vesentlege endringar i netto månadsverk knytt til sjølve drifta. Det vil likevel vere ein auke i netto månadsverk som følgje av:

- Etablering av tryggleiksposten som i stor grad er finansiert ved redusert gjestepasientkostnader
- Satsing på ambulante tenester og behov knytt til tvang i ungdomsavdelinga for psykisk helsevern
- Ekstra ressursar i samband med handtering av pandemien i 2021

Endringane i netto årsverk i klinikkane, som er små, skal i hovudsak skje ved naturleg avgang. På avdelingar kor det er budsjettert med nedgang i årsverk, og det ikkje er mogleg å redusere bemanninga ved naturleg avgang, vil omplassering vere eit alternativ.

### 6.3 Utvikling av finanskostnader 2019 – 2021

Helse Førde	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021 (2020 - kr.)	Budsjett 2021	Budsjett- endring B21 - B20
Finansinntekter	5 856	2 400	2 000	2 000	-400
Finanskostnader	-3 429	-4 000	-4 000	-4 000	-
<b>Netto finanskostnader</b>	<b>2 427</b>	<b>-1 600</b>	<b>-2 000</b>	<b>-2 000</b>	<b>-400</b>
<b>Sum</b>	<b>43 318</b>	<b>36 000</b>	<b>2 000</b>	<b>34 000</b>	<b>-34 000</b>

Rentenivået har gått ned i 2020 samanlikna med 2019. Dette er vidareført i budsjettet for 2021. Helse Førde har hatt positiv likviditet gjennom heile 2020, og vil ha dette også i 2021. Det er derfor budsjettert med renteinntekter.

Helse Førde har noko lån på tidlegare bygg, men byggelånet som føretaket tek opp i samband med Nye Førde Sjukehus er i utgangspunktet aktivert da det er ein del av byggekostnaden. Dersom ein har fått utbetalt meir lån enn det som er investert, vil renter på differansebeløpet kostnadsførast. Dette har vore tilfelle i 2019, 2020 og det er lagt til grunn same forhold i budsjettet for 2021.

Likviditeten til Helse Førde er god.

### 6.4 Avskrivningar perioden 2019 – 2021

Helse Førde	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021 (2020 - kr.)	Budsjett 2021	Budsjett- endring B21 - B20
Avskrivningar	-75 139	-78 000	-82 500	-82 500	-4 500

Det er venta at kostnadene aukar med 4,5 millionar samanlikna med budsjettet for 2020. Dette heng saman med at ein vil ta i bruk Dagabygget i 2021. Når det gjeld avskrivningar på nytt utstyr, vil aktiveringstidspunktet avgjere nøyaktig kor store avskrivningane vert i 2021.

## 10. Vurdering

Budsjettframlegget for 2021 syner eit overskot på 34 millionar kroner. Dette er i tråd med økonomisk langtidsplan. Pandemien i 2020 har hatt stor påverknad på resultatet, og på fleire poster har Helse Førde store avvik i forhold til budsjett. Dette heng også saman med måten ein har budsjettert ekstraløyvinga på 98,2 millionar. Dette er lagt på budsjetteknisk, og da på andre driftskostnader, medan kostnadane er ført på rett rekneskapslinje og klinikk. Følgjeleg har ein forventa avvik mot budsjett, men dette er gjort for å ha best mogleg kontroll på effektane av pandemien og ikkje påverke budsjettering for normal drift.

Uti frå tilbakemeldingar i føretaket og forhold som er gjennomgått i budsjettprosessen, vil administrerande direktør peike på følgjande risiko og utfordringar framover:

- Fleire av tiltaka som ligg inne i budsjettet har risiko, men samla vurdering er at tiltaka som ligg i budsjettet kan gjennomførast. Administrerande direktør vil følgje dette tett saman med klinikkdirektørane. Om føresetnadene for eit tiltak endrar seg må lina ved klinikkdirektør vurdere dei økonomiske konsekvensane og setje inn kompenserande tiltak.
- Det er ikkje stor endring i aktivitet og ISF inntekt frå budsjett 2020 til 2021, men auken er større samanlikna med 2019. Administrerande direktør meiner at dette er eit realistisk nivå, tatt i betraktning at det er behov for auka aktivitet for å ta ned ventetidene. Samtidig vil dette vere krevjande så lenge som ein må drifte kohortar og resten av drifta er underlagt strenge smittevernreglar knytt til pandemien. Det største utfordringa vil vere å få tak i rett personell.
- Helse Førde har fått øyremerka midlar til å handtere pandemien, og basert på erfaring frå 2020 vurderer ein at risikoen knytt til personalkostnader ikkje er den største. Men innanfor enkelte område er det framleis vanskeleg å få tak i ressursar, noko som kan medføre høgare innleiekostnader.
- Helse Førde får også i 2021 ansvaret for nye medikament. Risikoen knytt til eventuelt meirforbruk er det føretaket som må dekke. I budsjettet for 2021 er risikoen noko lågare enn kva den var i budsjettet for 2020.
- Kostnader og gevinst knytt til prosjekt er teke i dei enkelte einingane sine budsjett. Det pågår fleire store regionale og eigne prosjekt Helse Førde. Det er viktig at ein klarer å styre ressursbehovet knytt til prosjektgjennomføringa og realisere forventa gevinstar både i forhold til kvalitet og økonomi. I forhold til budsjettet på dette området vurdere administrerande direktør at budsjettet er stramt.

## 10. Oppsummering

Administrerande direktør legg fram eit budsjett med 34 millionar kroner i overskot. Endring i drifta som ligg i klinikkane sine budsjett, skal gjennomførast innanfor planlagt tid og økonomisk effekt. Driftsendringar i 2021 som går ut over budsjettet, må føretaket dekke med nye tiltak slik at Helse Førde held seg innanfor ramma sett av Helse Vest.

## Vedlegg

1. Budsjett 2020 - Kirurgisk klinikk
2. Budsjett 2020 – Medisinsk klinikk
3. Budsjett 2020 – Psykisk helsevern
4. Budsjett 2020 - Stabsområde
5. Protokoll frå møte med føretakstillitsvalde – vert utdelt i møte
6. Protokoll frå møte med FAMU – vert utdelt i møte